



## STORTINGET

# Innst. 501 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget  
fra finanskomiteen

Dokument 8:73 S (2024–2025)

---

**Innstilling fra finanskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Kirsti Bergstø og Torgeir Knag Fylkesnes om å trekke oljefondet ut av okkupasjon og krigsbrotsverk**

---

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa gje instruks til Norges Bank om å selja oljefondet ut av selskap som bidrar til Israels krigsbrotsverk og ulovlege okkupasjon.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på storting.no.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Egil Knutsen, lederen Tuva Moflag, Ramani Nordli, Bjørnar Skjærå, Maria Aasen-Svensrud og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Tina Bru, Mahmoud Farahmand, Helge Orten og Eirik Lae Solberg, fra Senterpartiet, Emilie Mehl, Ole André Myhrvold og Geir Pollestad, fra Fremskrittspartiet, Hans Andreas Limi og Roy

Steffensen, fra Sosialistisk Venstreparti, Andreas Skjalg Unneland, fra Rødt, Marie Sneve Martinussen, fra Venstre, Ane Breivik, fra Miljøpartiet De Grønne, Sigrid Zurbuchen Heiberg, og fra Kristelig Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, viser til finansministerens uttalelse av 24. februar 2025, som er vedlagt denne innstillingen.

Komiteen viser til merknader om representantforslaget i Innst. 463 S (2024–2025), jf. Meld. St. 22 (2024–2025) Statens pensjonsfond 2025.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt, Venstre og Miljøpartiet De Grønne viser til sine merknader i Innst. 463 S (2024–2025), jf. Meld. St. 22 (2024–2025), og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gi instruks til Norges Bank om umiddelbart å trekke oljefondet ut av selskaper hvor det er en uakseptabel risiko for at de medvirker til Israels ulovlige okkupasjon eller krigføring.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Miljøpartiet De Grønne fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gi instruks til Norges Bank om umiddelbart å trekke oljefondet ut av våpen-selskapene som ekspertgruppen nedsatt av FNs menneskeretsråd advarte om i juni 2024.»

## Forslag fra mindretall

**Forslag fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt, Venstre og Miljøpartiet De Grønne:**

*Forslag 1*

Stortinget ber regjeringen gi instruks til Norges Bank om umiddelbart å trekke oljefondet ut av selskaper hvor det er en uakseptabel risiko for at de medvirker til Israels ulovlige okkupasjon eller krigføring.

**Forslag fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Miljøpartiet De Grønne:**

*Forslag 2*

Stortinget ber regjeringen gi instruks til Norges Bank om umiddelbart å trekke oljefondet ut av våpenselskapene som ekspertgruppen nedsassatt av FNs menneskerettsråd advarte om i juni 2024.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene i komiteen fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Senterpartiet og Kristelig Folkeparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

Dokument 8:73 S (2024–2025) – Representantforslag fra stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Kirsti Bergstø og Torgeir Knag Fylkesnes om å trekke oljefondet ut av okkupasjon og krigsbrotsverk – vedtas ikke.

Oslo, i finanskomiteen, den 27. mai 2025

**Tuva Moflag**

leder

**Mahmoud Farahmand**

ordfører

Stortingets finanskomite  
Stortinget  
Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Deres ref  
2025/413

Vår ref  
25/886-

Dato  
24. februar 2025

**Dokument 8:73 S (2024-2025) Representantforslag fra stortingsrepresentantene Ingrid Fiskaa, Kirsti Bergstø og Torgeir Knag Fylkesnes om å trekke oljefondet ut av okkupasjon og krigsbrottsverk**

Eg viser til finanskomiteen sitt brev med oversending av Dokument 8: 73 S (2024-2025) frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Kirsti Bergstø og Torgeir Knag Fylkesnes om å trekke oljefondet ut av okkupasjon og krigsbrottsverk.

I representantforslaget er det fremja følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa gje instruks til Noregs Bank om å selja oljefondet ut av selskap som bidrar til Israels krigsbrottsverk og ulovlege okkupasjon.»

Under følgjer mine vurderingar av forslaget.

Noreg har i lang tid vore tydeleg på at den israelske busettingspolitikken på okkupert land er i strid med folkeretten og må opphøyre. Noreg har difor gitt klårt uttrykk for at Israel på dette grunnlaget må trekkje seg ut av eksisterande busettingar og stanse utbygging av nye.

Statens pensjonsfond utland (SPU) er ein finansiell investor. Fondet skal forvaltast ansvarleg. Fondet er ikkje og skal ikkje vere ein reiskap i utanrikspolitikken.

I mandatet frå Finansdepartementet er Noregs Bank pålagd å utarbeide prinsipp for ansvarleg forvaltning i tråd med mellom anna FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UNGPs) og OECD sine retningsliner for fleirnasjonale selskap. Noregs Bank oppdaterte i 2024 sine forventningsdokument med meir detaljerte forventningar til selskap som driv verksemد i høgrisiko- og konfliktområde. Forventningsdokumenta er publiserte på banken sine heimesider.

I rapporten om ansvarleg forvaltning for 2024 skriv Noregs Bank at aktsumheitsvurderingar er ein viktig del av banken sin ansvarlege forvaltning. Noregs Bank skriv mellom anna:

«Vi overvåker porteføljen vår og mottar varsler om selskapers eksponering for risiko knyttet til konfliktområder. I situasjoner med krig og konflikt kan styresett og rettssikkerhet være svekket, informasjon kan være upålitelig, og faren for å medvirke til alvorlige brudd på menneskerettighetene er forhøyet. Flere selskaper i vår globale portefølje opererer i konflikt- og høyrisikoområder, der risikoen for å bli koblet til menneskerettighetsbrudd er særlig høy. I slike situasjoner bør selskaper gjennomføre skjerpede akt somhetsvurderinger for bedre å forstå konteksten, konflikten og dens interesser, samt iverksette nødvendige tiltak for å redusere risikoen. Vi baserer våre forventninger til selskaper på FNs retningslinjer for næringsliv og menneskerettigheter samt OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper. ...»

Retningslinene for observasjon og utelukking av selskap frå SPU handlar om kva fondet av etiske omsyn ikkje skal vere investert i. Retningslinene omfattar mellom anna kriterier for grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og alvorlege krenkingar av rettane til individ i krig eller konfliktsituasjonar.

Det fagleg uavhengige Etikkrådet vurderer selskap opp mot retningslinene. Det er blitt lagd stor vekt på eit grundig arbeid i rådet. Hovudstyret i Noregs Bank avgjer slike saker, og sakene vert offentlege først etter at Noregs Bank har sett seg ut av selskap som skal utelukkast. Korkje regjeringa eller departementet legg seg opp i enkeltsaker i dette arbeidet.

Etikkrådet gjorde i brev til Finansdepartementet 30. august 2024 greie for korleis rådet følgjer opp retningslinene i lys det auka konfliktivået den seinare tida. Brevet blei omtala i kapittel 7.4 i Nasjonalbudsjettet 2025.

Etikkrådet meiner dei israelske busettingane på Vestbreidda er ulovlege etter folkeretten. Ti selskap er utelukka frå SPU på bakgrunn av verksemd der. Selskapa som er utelukka er vurderte å medverke til dei folkerettsstridige busettingane. Ifølgje Etikkrådet forutset utelukking at det er ei tilknytting mellom verksemda til selskapet og normbruddet som ligg under. Det er difor ikkje slik at det å vere til stades åleine eller einkvar tilknyting til dei okkuperte områda vil føre til observasjon eller utelukking.

Etikkrådet viser vidare til at krava til selskapa sin akt somheit er høgare viss dei risikerer å medverke til svært grove normbrudd, slik tilfellet kan vere i konfliktsituasjonar. Rådet viser også til at Den internasjonale domstolen i Haag (ICJ) den 19. juli 2024 slo fast at okkupasjonen av palestinske område er i strid med folkeretten og er ulovleg. Med utgangspunkt i dette, vurderer Etikkrådet om selskap med ein mindre direkte tilknyting til normbrudda i okkupert palestinsk territorium (OPT) enn det som tidlegare har vore lagd til grunn, også bør anbefalast å bli utelukka.

I lys av utviklinga både i normgrunnlaget og i situasjonen i dei okkuperte palestinske områda, skriv Etikkrådet at dei etiske retningslinene gir grunnlag for å utelukke nokre fleire selskap med forbinding til Vestbreidda enn dei som allereie er utelukka.

Då regjeringa tok avgjerda om å fryse investeringane i Russland etter angrepet på Ukraina, blei dette gjort samstundes med at det blei innførd breie sanksjonar frå heile den vestlege verda. Dette skil seg frå Israel-Palestina-konflikten. Noreg har ikkje tradisjon for å innføre

unilaterale sanksjonar. SPU er som nemnd ikkje eit verkemedel i utanrikspolitikken, noko det er brei oppslutnad om i Stortinget.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Jens Stoltenberg". The signature is fluid and cursive, with a horizontal line underneath it.

Jens Stoltenberg





